



## REFERAT

### Oppstartsmøte for plansaker i Alver kommune

<b>1. Sak: 21/4903</b>	Lonena Aust
<b>Møtestad: Teams</b>	<b>Møtedato: 25.6.2021</b>
<b>Deltakar(ar):</b> frå forslagsstillar Tiltakshavar: Bonava Norge AS, v/Jogeir Romarheim e-post: <a href="mailto:jogeir.romarheim@bonava.com">jogeir.romarheim@bonava.com</a> telefon: 915 67 877 Geir Kenneth Tungesvik  Heimelshavar: Rygir Tomteutvikling AS, v/Vigleik Sirnes e-post: <a href="mailto:vigleik.sirnes@sr-bank.no">vigleik.sirnes@sr-bank.no</a> telefon: 907 55 066  Konsulent: Opus Bergen AS, v/Monica Stoknes e-post: <a href="mailto:monica@opus.no">monica@opus.no</a> telefon: 917 47 092 Ina Bakka Sem-Olsen & Taral Jensen	Frå kommunen Plan og byggesak: Lennart Falkenberg-Arell, Ole Martin Bolset & Are Frøysland Grande  Utbyggingsavtale: Berit Eskeland  Friluft & kulturminne: Bente Kopperdal Hervik  Plan og analyse: Kaia Marie Amland
<b>2. Føremålet med planarbeidet</b>	
Forslag til plangrensar:	
Dagens situasjon, planstatus, arealformål, tiltak/føremål (Henta frå planinitiativ, datert 2.6.2021): «Planområdet Lonena Aust er i områdeplan for Lonena, vedtatt 26.09.19, regulert til bustadføremål, fordelt på tre felt BKB1, BKB2 og BKBS. Felt BKS (konsentrert småhusbusetnad) er 6978m2 stort og regulert med maks BRA = %-BRA= 80%. Felt BKB1 (kombinert busetnad blokk/konsentrert småhus) er 16851m2 stort med regulert maks BRA = %-BRA= 80%. Felt BKB2 (kombinert busetnad	



blokk/konsentrert småhus) er 15950 m<sup>2</sup> stort med regulert maks BRA = %-BRA= 80%. Det er krav til at alle delfelt skal detaljregulerast innanfor områdeplanen (§ 3.1). Detaljplan skal avklare alle detaljar for det aktuelle området, herunder også tal på bustader, endeleg utnytting, byggehøgder, og plassering, samt utforming av uteoppfallsareal.»

«Formålet med planarbeidet er å detaljregulere felt BKB1, BKB2 og BKS (Lonena aust) innafor Områderegulering for Lonena (PlanID 201610, vedtatt 26.09.19 ) i samsvar med områdereguleringa. Krysset fv57 Lindåsvegen -Juvikvarden skal gjennom reguleringsplan tilretteleggast for utbetring og signalregulering i samsvar med rekkefølgekrav §6.2 og §6.4.1 i områdeplanen. Ved E39 mot Lonsvegen skal venstresvingefelt mot Lonsvegen detaljregulerast i samsvar med § 6.4.2 i områdeplanen.»

### 3. Føresetnader for planarbeidet

#### Utforming av bustadområde BKS & BKB1-2:

Områdeplanen sine føresegner datert 12.10.2020 og kvalitetsprogram datert 7.10.2019 legg føringar og beskriv nærare korleis dei ulike delfeta skal utviklast. Forslagsstillar har i planinitiativ datert 2.6.2021 lagt fram av overordna føringar skal leggest til grunn ved vidare detaljregulering.

Sjølv om overordna plan for område legg detaljerte føringar for korleis område skal byggast ut, må forslagsstillar kontrollere at desse er i tråd med branntekniske krav og NGIR sine krav for utforming av renovasjonsanlegg. Til dømes still NGIR krav til at areal for renovasjon skal regulerast i plankartet, ein må òg sikre enten snuplass eller gjennomkøyring for bossbilen. Tilkost for renovasjon krev ei vegbreidde på 4 meter og 10 tonns akseltrykk og fri høgde på 5 meter. Når det gjeld branntekniske krav til utforming av område er dei til dømes at tilkomst for rednings- og sløkkjeinnsats har krav på minst 3 meter fri køyrebredde, 12 tonns akseltrykk og fri høgde på 4,5 meter. Rettleiar for redning og sløkkjeinnsat vert sendt ut med dette referat. For spørsmål knytt til brannvern, kontakt [ole.johan.ingebrihtsen@alver.kommune.no](mailto:ole.johan.ingebrihtsen@alver.kommune.no)

Kommunen & forslagsstillar skal prøve å få til eit møte saman med NGIR ilt hausten 2021 for å avklare nærare kva krav NGIR stiller til utforming av veganlegg og område for nedgrave avfallsløysing. Forslagsstillar tek kontakt med kommunen når dei har nok detaljar på plass i planen til at eit slikt møte kan gjennomførast.

#### Vann og avløp:

Det skal utarbeidast VA-rammeplan med G (drenering og vann handsaming) og H teikningar (VA-leidningar) som skal vere komplett til 1. gongs handsaming. Krav og løysingar som kjem fram av områdeplanen sine føresegner, VA-rammeplan og konsekvensutgreiing for hydrologi skal leggest til grunn til utforming av VA-rammeplan. Se og områdeplanen si ROS-analyse kap 6.1. I tillegg skal krav i ein kvart tids gjeldande VA-norm for Alver kommune leggest til grunn. Gjeldande VA-norm finn ein via nettsida: [va-norm.no](http://va-norm.no). Per dags dato må ein skrive Lindås i søkefeltet for å finne denne. Områdeplanen sitt føresegn 2.1.4.4 sei at område nedstrøms (nedforbi)planområdet må sikrast mot skadar ved auke avrenning. Dette føresegnet vart teke inn i områdeplan fordi at kommunen si VA-avdelinga påpeika den gong at kapasiteten i røyra under Lonsvegen og idrettsanlegget er dårleg og at utbygging i Lonena krev oppgradering av røyrsystemet. Nemnde problemstilling må utgreiast nærare ved utarbeiding av VA-rammeplan.


#### Planområdets utstrekning ved Lonena aust og Langheiane:

Planomriset for Lonena aust delen må utvidast til å omfatte Langheiane vegen t.o.m. krysset til Lonsvegen. Plangrensa må tilpassast eksisterande reguleringsplanar i område slik at det er berre arealformål for vegnettet (køyreveg, fortau, avkøyrslar) som vert teke med i ny plan.





Figur 1: Områdeplan for Lonelva-Juvikvarden



Figur 2: Reguleringsplan for Langheiane B1 og B2



Figur 3: Reguleringsplan for B3, B4 og B5



Figur 4: Reguleringsplan for B6 og B7



Figur 5: Reguleringsplan for Knarvik aust

Planforslaget legg opp til trafikkauke på tilkomstvegen Langheiane, og vi ser at det kan vere behov for å stramme opp krysset Lonsvegen/Langheiane i høve siktliner og gangfelt. Krysset ligg i dag i 4 ulike planer. Ved utforming av veg og kryss skal Statens vegvesen handbok N100 og V121 leggjast til grunn. Om det ikkje er behov for endring regulerast dagens situasjon.

*«Vegen Langheiane med tilkomstvegar er det einaste formålet i områdeplan for Knarvik Aust, PlanId 1263 25092003, som ikkje er tatt med vidare ved detaljregulering av området. Ved å regulere tilkomstvegen i dette planframlegget kan kommunes på sikt få avvikla områdeplanen.»*

Utdrag over henta frå oppstartsmøte for Langheiane B11 (KDP B6) datert 12.5.2021. Plansak 20/14647.

#### Generelt om utforming av veganlegg:

Utforming av veganlegg i tråd med Statens vegvesen sine handbøker. Ved regulering av nye veger og/eller endring av eksisterande veger skal det sendast inn vegtekniske teikningar i tråd med Statens vegvesen si handbok R700. Minimumskravet er innsending av B,C,D, U og krysstekningar. Kva prosjekteringsgrunnlag som skal sendast inn for krysset ved fv. 57 og E39 må forslagsstillar avklara med Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen tidleg i planprosessen. Alle vegtekniske teikningar skal vera med i komplett planforslag som sendast inn til kommunen for 1 gongs handsaming.

#### Støyfagleg utredning:

Særleg langs Langheiane vegen med dei tre stikk vegane inn til f\_SKV1, f\_SKV2 og f\_SV1 og ned til krysset ved Lonsvegen må det gjerast ein støyfagleg utredning som tek høgde for framtidig utbygging innafor planområde Lonena aust og Langheiane B11. Per dags dato er det t-1442 | 2021 som skal leggast til grunn i utredninga. M-2061 er rettleiar for ny T-1442/2021 og er tilgjengeleg via:





<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/stoy/for-myndigheter/veileder-om-behandling-av-stoy-i-arealplanlegging/>

#### Planområdets utstrekning ved E39:

Planområde ved E39 må utvidast for å omfatte og erstatte vegarealet i eksisterande reguleringsplan Knarvik aust Såtafeltet. PlanID 1263-200818. Grunngevinga for utvidinga er for å unngå at det ligg små restar av tidlegare reguleringsplanar som framleis er juridisk bindande for område. Reguleringsplanen for Knarvik aust Såtafeltet er i dag ikkje digitalisert i planregisteret. Forslagsstillar må før varsel om oppstart avtale nærare planomriset for dette område med Terje Villanger hos plan & analyse. E-post: [terje.villanger@alver.kommune.no](mailto:terje.villanger@alver.kommune.no)

#### Sone for bandlegging i påvente av vedtak (KDP):

Deler av planområde ligg under følgjande omsynssone:

4.3.1. SONE FOR BANDLEGGING I PÅVENTE AV VEDTAK ETTER PBL, JF. PBL. § 11-8 D (H710)


Området innanfor bandleggingssona er bandlagt til framtidig trasé for E 39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen, med tilhøyrande tilførselsveggar, lokalveggar, vegkryss, tunnel og tunnelpåhugg, gang- og sykkelveggar, rasteplassar og kontrollplassar.

Innanfor båndleggingssona kan det opnast for tiltak i samsvar med gjeldande planar. Saker som gjeld følgjande forhold skal sendast på uttale til Statens vegvesen.

- o Planframlegget, først ved varsel om oppstart, vert sendt på høyring til SVV og forhold til bandleggingssona vil bli avklart gjennom planprosessen.

#### 3.4 Pågåande arbeid

Det pågår arbeid med kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefettunnelen. Planen vurderer mellom anna ulike traseval for vegstrekningen, og alle val omfattar ei omlegging av E39 ved planområdet.



Figur 9 Utsnitt frå «Vegalternativ 26.10.20». Kjelde: vegvesen.no

Endringar av vegsystemet vil ligge langt fram i tid, og utbetringar i samsvar med rekkefølgekrav i Områdeplan for Lonena må difor gjennomførast.

Figur 6: Henta frå planinitiativet

Vurderinga dykk har gjort i planinitiativet, tek dykk med i varselbrev til oppstart og ved utarbeiding av planomtalen.

#### Utbyggingsavtale/avtale/Rekkefølgekrav

Oppdatert trafikkanalysar/støyanalysar og øvrige trafikkvurderingar i samband med utforming av planforslaget må gjerast før ein kan ta stilling til om det vert naudsynt med ei utbyggingsavtale. Forslagsstillar må ta kontakt med planavdelinga og eigedomsavdelinga v/Berit Eskeland for utforming av eventuelle rekkefølgekrav før planforslaget vert sendt inn til 1. gongs handsaming.

Forslagsstillar må inngå avtale med Vestland fylkeskommune for oppgradering av kryss ved fv. 57 og med Statens vegvesen for oppgradering av kryss ved E39. Kommunen rår til at forslagsstillar oppretta tidleg dialog med VLFK og SVV for godkjenning av planteikningar og



prosjekteringsgrunnlag.

Alver kommune sine retningslinjer for utbyggingsavtaler og momsavtaler finn ein via link: [Arkivsak 21/3042 - Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtaler i Alver kommune \(sing.no\)](#)

[Dokument 21/22504 - Retningslinjer for bruk av momsavtaler i Alver kommune \(sing.no\)](#)

#### Trafikkanalyse (jf. 3.1 bokstav e))

Trafikkanalyse må oppdaterast til å omfatte framtidig utbygging i områdeplanen, Langheiane B11 og dei 74 einingane som er gitt IG til i reguleringsplanen for Langheiane B8 og B9.

Alternativ 0 er basert på trafikktejingar gjort september 2017. Rapporten konkluderer med at krysset Lonsvegen/E39 har god kapasitet sjølv med 800 nye bustader, men at et venstresvingefelt vil gje betre flyt på E39. Rapporten konkluderer ikkje med når tiltaket bør etablerast. Slik me har blitt fortalt var det Statens vegvesen som sette innslagspunkt til 100 bustader. Kravet vart tatt inn i KDP og gjeld frå 15 okt. 2019.

Talet gitte IG bør derfor reknast frå denne datoen. Det er dermed løyve til å gje IG til 26 nye bustader før kravet om venstresvingefelt slår inn, då det er gitt IG til 74 einingar i 2020.


Viss det vert naudsynt å gjennomføre nye trafikktejingar langs Lonsvegen som del av grunnlaget for berekning av ÅDT og belastningsgrad ved kryssa planen omfatta, bør det utsetjast til flest mogleg arbeidarar er tilbake i normal kvardag. Trafikktejing i ein periode der mange sit på heimekontor kan gje eit falskt bilete på den faktiske trafikale situasjonen langs Lonsvegen.

#### ROS-analyse (lista er ikkje uttømmende)

- Støy frå trafikk må vurderast (overordna ROS kap. 5.6).
- Trafikkulykker med ny berekning av ÅDT som tek høgde for 74 nye einingar frå Langheiane B8- B9, Langheiane B11 og einingar frå denne plan. Se kap 6.3.
- Flaum, overvatn/urban flaum og ekstremnedbør må vurderast nærare, saman med KU for Hydrologi (overordna ROS kap. 5.1).

#### Friluftsliv

Områdeplanen si overordna konsekvensutgreiing for friluftsliv med avbøtande tiltak slik skildra i kap 7.1 og 7.2 skal leggst til grunn ved utarbeiding og gjennomføring av detaljreguleringsplanen.



Karffestet sti system, henta frå nordhordlandskart.





### Naturmangfold

Områdeplanen si overordna konsekvensutgreiing for naturmangfold med avbøtande tiltak slik skildra i kap 8.1 og 8.2 skal leggst til grunn ved utarbeiding og gjennomføring av detaljreguleringsplanen.

### Sosial infrastruktur - Barnehage- og grunnskulekapasitet innanfor Knarvik skulekrins:

Områdeplanen si konsekvensutgreiing om sosial infrastruktur konkludera med at det er ledig kapasitet på barnehagar og barneskulen innanfor Knarvik skulekrins fram til 2040. Når det gjeld Knarvik ungdomsskule vert det konkludert at skulen må utvidast før 2025, då skulen vil ha ein underkapasitet på 35 elevar.

Det er ikkje satt av midlar til utviding av ungdomsskulen i økonomiplan perioden 2021-2024.

Planforvaltninga ventar på tilbakemelding frå kommunalsjef Kristin Moe og einingsleiar for skule Jan Ove Johansen kring overnemnde utfordring.

Ny reguleringsplan må vidareføre områdeplanen sitt føresegn 2.1.5 Barnehage- og skuledekning om at ved søknad om løyve til tiltak skal tilfredsstillande barnehage- og skuledekning dokumenterast. I møte vart det stilt spørsmål om nærskuleprinsippet gjeld og for ungdomsskule.

*Med skuledekning meinast grunnskule som omfattar både barne- og ungdomsskule. Dette går indirekte fram av opplæringslova § 2-1. Grunnskuleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til, jf. Opplæringslova § 8-1 fyrste setning.*

### Innspel frå Velforeininga B3-B5 i Langheiane v/ styremedlem Kjetil Soltveit

Kontaktinformasjon. E-post: [kjsoltv@gmail.com](mailto:kjsoltv@gmail.com) Telefon: 91 643029

Hei


Jeg representerer VELFORENINGA B3-B5 I LANGHEIANE, enebolig-fellet som ligger inntil foreslått utbygging på Lonena Aust.

Velforeninga er grunneier av 188/786 og 787, med teknisk infrastruktur som ligger her. Da vi kjøpte tomten av kommunens tomtelag fikk vi beskjed om at vi er økonomisk ansvarlig for vei, teknisk infrastruktur og lekeplasser her.

Vi er bekymret for at vi 11 familier skal stå økonomisk ansvarlig i fremtiden for teknisk infrastruktur som er tenkt benyttet av planstiller for ekstremt mange boenheter, samt skader på våre felles areal/vei- både under anleggsperiode og ved fremtidig bruk.

Vi ber om at planstiller (med kommuneplanlegger) inviterer til et informasjonsmøte for disse 11 eneboligene tidlig i planprosess og i god tid før 1ste gangs høring for å diskutere ovennevnte bekymring, samt generell gjennomgang av planforslag.

Mvh Kjetil Soltveit  
Styremedlem: VELFORENINGA B3-B5 I LANGHEIANE



Merknad planforvaltninga: Forslagsstillar må oppretta tidleg dialog og samarbeid med eksisterande bebuara i område. Kva framtidig bruk av f\_SV1 vill ein planlegge for i detaljreguleringsplanen? Viss bustadområde innanfor BKB1 og BKB2 kan utformast til å primært nytte seg av f\_SKV1 og f\_SKV2 vill det vera til fordel for bebuarane i Langheiane B3-B5 med tanke på støy og trafikksikkerheit. Utklipp under henta frå områdeplanen sine føresegner 4.2.1.1:



f_SV1	Eksisterande veg – innkøyring parkeringskjellar	- Eksisterande veg til øvre bustadgate.	Eksisterande veg for innkøyring til parkeringskjellar jfr. illustrasjonsplan. For å møte eksisterande vegstubb. Ikkje for generell veg inn i området.	Felles for: BKB1
-------	---	---	---	------------------

F\_SV1 er tenkt til bruk som tilkomst til framtidig parkeringsanlegg under bakken.

Andre analysar/planer/teikningar som må inngå i planforslaget ved innlevering til 1 ghs.:

- o Tekniske vegteikningar i tråd med Statens vegvesen si handbok R700 (B,C,D,U og kryss)
- o Illustrasjonsplan
- o Landskapsanalyse for fastsetting av byggehøgde m.m. Jf. Føresegn 2.1.2.6.
- o Renovasjonsteknisk avfallsplan. Jf. Føresegn 2.1.6 Må vera godkjent av NGIR før 1 ghs.
- o Terrenghandsamingsplan, jf. Føresegn 3.1 bokstav h).
- o R700 – øvrige teikningar må avklarast tidleg i planprosessen med Vestland fylkeskommune og Statens vegvesen kring kva prosjekteringsgrunnlag dei krev skal utarbeidast med tanke på venstresvingefelt ved E39 og utbetring av kryss ved fv. 57. Teikningar bør vera godkjent av VLK og SVV før 1 ghs. Alle teikningar som skal utarbeidast skal vera ein del av komplett planforslag ved innsending til 1 gongs handsaming.
- o Andre krav til innhald og utarbeiding av detaljreguleringsplan kjem fram av områdeplanen sine føresegner under kapittel 3.

Førebels framdriftsplan:

Forslagsstillar planlegg å varsla oppstart i august. Grunna ferieavvikling i kommunen, skal forslagsstillar sende varselbrev og varselkart til godkjenning hos kommunen ila juli månad.

## Konklusjon

Planoppstart anbefalast med følgjande vilkår:

- Piangrensa vert utvida i sør og tar med seg Langheiane vegen og krysset Lonsvegen.
- Piangrensa ved E39 vert utvida til å erstatta større del av tidlegare planområde for Knarvik aust Såtafeltet. PlanID 1263-200818.

## Rammer for planarbeidet

Følgjande arealplanar gjeld for heile eller deler av området:  
Områdeplan for Lonena, gbnr. 185/284 mfl. PlanID 1263-201610

		Plannamn / PlanID
X	Planen vil erstatte deler av følgjande plan(a)r	Områdeplan for Lonena, gbnr. 185/284 mfl. 1263-201610 Områdeplan for Knarvik aust. 1263-25092003 Detaljplan for Knarvik aust Såtafeltet. 1263-200818
	<b>Aktuell reguleringsstype</b>	
X	Detaljreguleringsplan	
	<b>Planavgrensing</b>	
X	Forslagsstillar skal avklare endeleg planavgrensing med Terje Villanger hos plan & analyse før varsel til oppstart.	
	<b>Plannamn (må tilfredsstilla krava i stadnamnlova.)</b>	
X	Forslagsstillar sitt forslag til namn (Godkjent av geodata)	<b>Lonena aust</b>
X	Nasjonal arealplan ID vert tildelt planen: <b>46312021003</b>	
	<b>Planinitiativ</b>	<b>Merknad (føremål, område..)</b>
X	Planinitiativ i samsvar med overordna plan	Bustadplan og utbetring av samferdsleanlegg i tråd med overordna områdeplan.
	<b>Vertikalnivå</b>	<b>Merknad</b>
	Fleire vertikalnivå, jf. forskrifta § 9 tredje ledd	Ikkje aktuelt.
	<b>Planarbeid i området</b>	<b>Merknad</b>
X	Det går føre seg planarbeid i området:	Detaljregulering for Langheiane B11
	<b>Utgreiingsbehov for planarbeidet</b>	
	<b>Lokale tilhøve som føreset særleg utgreiing/vektlegging i planarbeidet :</b>	
1.	Barn og unge sine interesser	Ja, planskildring og føresegner. Dagens bruk ol.





2. Funksjonshemma og eldre sine interesser	Ja, planskildring og føresegner.		
3. Universell utforming	Ja, planskildring om korleis planen ivaretek krav i TEK17 for bustader og alt utandørs areal.		
4. Jordvern- og landbruksfaglege vurderingar	Ja, planskildring og føresegner. Kommunen ynskjer å nytta massar frå utbygging som ressurs for landbruk og samfunn. Overskotsmasse i utbyggingsområde skal så langt som mogleg brukast på staden, til dømes til istandsetting og tilarbeiding av terrenget. Utbyggingsområda må planleggast og utviklast slik at behovet for å transportere bort masser blir minst mogleg. Dersom det blir masse til overs, må utbyggjer vise kvar overskotsmassen skal mottakas parallelt med utarbeiding av reguleringsplanen. Overskotsmassar frå tidlegare dyrka jord- og jordmassar som er eigna til jordbruksproduksjon bør nyttast til forbetring av eksisterande jordbruksareal og difor leverast til godkjende jordmassemottak lokalt.		
5. Biologisk mangfald	Ja, planskildring og føresegner. Det må gjerast ei vurdering av tiltaket etter naturmangfaldslovas §§ 8-12 i planarbeidet.		
6. Kulturlandskap og kulturminne	Ja, planskildring og føresegner.		
7. Strandsona, sjø og vassdrag	Nei, ikkje relevant		
8. Miljøvern faglege vurderingar	Ja, planskildring og føresegner.		
9. Samfunnstryggleik og beredskap	Ja, plankart, planskildring, føresegner og VA-rammeplan. Brannteknisk avdeling si rettleiar skal leggast til grunn ved utforming av plan og tiltak. Rettleiar vert tilsendt til forslagsstillar.		
10. Kommunikasjon, veg og veg-tekniske tilhøve /trafikktryggleik	Ja, plankart, planskildring og føresegner.		
11. Kommunaltekniske anlegg	Ja, planskildring, føresegner og VA-rammeplan.		
12. Stadutvikling, kjøpesenter	Nei, ikkje relevant.		
13. Klima og energi	Ja, planskildring og føresegner.		
14. Folkehelse (støy, ureining, m.v)	Ja, plankart, planskildring og føresegner.		
15. Renovasjon	Ja, plankart, planskildring og føresegner.		
<b>Førebels vurdering i høve forskrift om konsekvensutredninger av 2017, kapittel II og III</b>	<b>Ja</b> <b>Nei</b> <b>Vurderas t nærare</b>		
Fell tiltaket inn under § 6, Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding?		X	
Fell tiltaket inn under § 7, Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding?		X	
Fell tiltaket inn under § 8, Planer og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. § 10? (Bruk rettleiar «Når skal tiltak i vedlegg II konsekvensutredes?» kap. 2 og 3 i vurderinga. Krav til innhald i KU kjem fram av forskrifta kap. 5 og M1324)		X	
Utløyser planen krav om KU ?		X	
<b>Planprogram</b>			
Utløyser planen/ønska endring av gjeldande plan krav om planprogram/revisjon av gjeldande planprogram, jf. plan- og bygningsloven § 4-1 ?		X	
<b>Rikspolitiske retningslinjer, regionale,- og kommunale planar som kan gjelde for planarbeidet</b>			
<b>Rikspolitiske retningslinjer</b>			
	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging		
	Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging		
	Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing		
	Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen		
	Rikspolitisk retningslinje for å styrke barn og unges interesser i planlegginga		



Rikspolitiske retningslinjer for vernande vassdrag
Retningslinjer for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging
Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging
<b>Regionale planar</b>
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
Regional klimaplan for Hordaland
Regional kulturplan for Hordaland
Regional plan for attraktive senter i Hordaland
Regional plan for folkehelse
Regional plan for vassregion Hordaland
<b>Kommunale planar</b>
Kommunedelplanens arealdel (plankart + føresegner)
Kommunedelplanens planskildring (Aktuelle tema: KOM-ROS, og KU)
Kommuneplanens samfunnsdel
Kommunedelplan for trafikksikring
Kommunedelplan for klima og energi
Kommunedelplan for helse og omsorg (Aktuelle tema: Folkehelse med tanke generasjons bustadar som er universelt utforma/universelt tilgjenge og universell utforming av uteopphaldsareal som invitera til sosialt samvær).
<b>Attestasjon</b>
<p>Prioriterte utgreiingsbehov for planarbeidet er gitt så langt dette let seg gjera med grunnlag i tilgjengelege opplysningar under oppstartsmøte.</p> <p>Verken oppstartsmøte eller referatet gir rettar i den seinare sakshandsaminga. Naboprotestar, protestar frå velforeiningar, krav frå offentlege styresmakter m.m. vil kunna føra til krav om endring av prosjektet.</p>
Lennart Falkenberg-Arell
28.6.2021